

Terje Marheim
Dalstøvegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9876 - 22/7054

Saksbehandlar:
Mari Emilie Pettersen Hagenlund
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.
kommune.no

Dato:
25.01.2022

Svar på søknad om landbruksveg Stølåsvegen - GBNR 319/5 Dalstø

Administrativt vedtak: Saknr: 095/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver Kommune Terje Marheim løyve til bygging av omsøkt veg på 319/5 Dalstø.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminne under arbeida må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast
- Under opparbeiding av vegen skal det forsøkast å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.
- Vegen skal byggast som vist på kart.
- Løyver og fullmakter må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Ved fylling av overskotsmassar på meir enn 1 meter høgde og på eit større areal enn 1daa må ein söka om løyve etter bakkeplaneringsforskrifta, eventuelt nydyrkingsforskrifta då det ikkje er dyrka mark i dag.
- Veg skal ikkje sperrast med bom på ein slik måte at ein hindrar allmenn ferdsel.
- Avstand til nabogrenser skal vera minimum 4 meter om ikkje anna er avtalt.
- Vedtaket er gyldig til 30.01.2025

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Terje Marheim søker om å bygga ca 260 meter landbruksveg i vegklasse 7, landbruksvegforskrifta. Vegen skal gje tilkomst til skog- og jordbruksareal. Estimert kostnad


Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922


på vegen er 80 000,- NOK. Arealet er i dag i bruk som overflatedyrka-, og fulldyrka jord og produktiv skog.



Oversikt arealtype (AR5).

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhetsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa. Prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Ein har ikkje gjort funn av sårbare artar, naturmangfold, landskap, kulturminne eller friluftsliv. Det ligg ei omsynssone for flaum langs Dalstøvegen, men det er elles ikkje registrert fare for flaum, erosjon eller skred.



Omsynssone for flaum.

Saka har vært på høyring hos Vestland Fylkeskommune og Alver kommune v/kultur. Sjå vedlegg frå Fylkeskommunen.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldlova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglante privat rett. Ein eventuell manglante privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjøvast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Terje Marheim

Dalstøvegen 86

5918 FREKHAUG